

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Eid i Nordfjord.

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Eid og Stårheimsokn.

Oppskr. av: O. Skipenes.

Gard: nr. 10 br. nr. 1.

(adresse):

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg sjølv veit .
og har frett av far min.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ard og plog.

Ordet ard(m),utt. ar, og ordet plog var for 50 år sidan av dei gamle brukt synonyme, og galdt berre plogen. Arden er ukjend her, ja her finst landbrukskandidatar som ikkje veit skilnad på ard og plog. No er det ingen som brukar ordet ard lenger.

Men så har vi då gamle plogar, ja også her på garden, den eldste ein treplog, nett lik teikn. nr. 8. Det er sagt at han skal vera frå fyrste lo=året etter 1800. Veltefjola er heilt av tre, kanskje hegg eller rogn, så mit har ikkje bite på henne enda. Ho er sloka etter midten attover, nett som nyplogane, og har litt vridde form. På nedre kant, der ho når forbotnen, er det pånagla ei 1 1/2 tomme brei jarnrimse frå vangsnet og attover, ei spann omlag (her brukar eg med vilje gamle måleiningar). Vangsnet har vore som ein hylseforma snut, dregen attover framenden av aurskida (solen) og heilt av jarn.

Aurskida er av tre (som namnet vel seier) og kunne skiftast når ho rett ofte vart utslita.

Ein brukte - og brukar-grevet til å skrapa rein veltefjola med. Om spaden var for hand, kunne også han nyttast, og spaden var mykje meir brukt i åkeren før enn no.

Plogen vart køyrd i retur på veltefjolsida, slitasjen vitnar greitt om det.

Plogåsen hadde ikkje noko skiftestille til breidd eller djupt, det fekk plogkaren ordna. Hadde han lang påoglekke, så drog plogen seg ein mon nedåt. Styregrinda var no elles så lang at med litt tung hand på framenden måtte plogen søkja nedåt.

Så ser vi på ein plog frå 1830=åra. Her er alt av jarn så nær som plogåsen, eit lite handtak på styret og djupstillehjulet framme som er berre jarnskott. Dei som ikkje hadde eit slikt stillehjul lengst framme under plogåsen, la der ein høveleg tjukk kloss, sid nok så han slæpte langs marka eller åkeren og såleis skapte passeleg djupt.

Ein plog frå 1860 er også smidd her i bygda og brukt til midten av 90=åra. Bruk etter bruk fekk seg då Honndalsplogar, plogar frå Liasmidja der oppe i grannebygda vår.

Honndalsplogen var penare og lettare enn dei andre, dei som var heimesmidde her i Eid. Dei hadde blåmåla ås, og midt på åssida gulmåla nummer og namn. Men veltefjola var ikkje betre skapa enn på eldre plogar, og klabba mykje, for ho var kuva att over i staden for sloka så som den gamletreplogen eller og nyplogane frå Jæren er.

8518

Eg ser det no at same spørsmåla er sendt ut i 1948, og veit egfor ikkje om de brøye dykk om svare. O. S. Er det for vint a ta for seg emnet og Gard. og grandedesampummet?

Fyrste fabrikkplogane fekk vi hit til bygda i tida 1900-1905 frå ein eller hin plogfabrikken på Jæren, og desse avløyste Honndalsplogen helt. Det kom sakte ei tid den såkalla engelske "Oliver-plog", men ein ser han knapt att, for Jær-plogane både til hest og traktor er gode,

Namnet aurskide er det no få eller ingen i Eid som veit om, ikkje eingong far min som er meir enn 90 år. Eg har det frå år attende frå grannebygda vår i nord, Bjørkedalen i Volda, Sunnmøre. Namnet var brukt på solen på dei gamle plogtyper, og høvde rett vel då, laga av hardt tre liksom veltefjøla. No talar vi om landsida og solen, det fyrste fekk vi inn med kandidatar frå jordbrukskulane, liksom vi med dei fekk skjæret og kniven i staden for vangane og ristel. Desse to siste nemningane er no omlag ute av bruk dessverre. Agronomane hadde med seg namnet bekslet påstillegreiene for djupt og breidd fremst på plogåsen.

.....

Draget som hesten er spent inni og dreg plogen med, kallar vi drettet. Tverbjelken som har ploglekka midt på, er nemnd tverhummel (med open u). I kvar ende av tverhummelen er tillene feste. Ei lenger jærnklype om atterenden på tillene heng i ei lita lykke som høyrer til den avlange ringen om hummelenden. Såleis er det til vanleg. Men her finst drette på eit eller hitt av dei få bruka som ikkje hadde smidje i 1850-åra, som er laga av berre tre, her treled, og sume brukar slike endå. Vi tenkjer oss at tverhummelen og tilleenden ligg mot kvarandre på marka og skapar rett vinkel. Så ligg det ein trekloss på ei 3 dm både over og under nemnde endar. Det er bora hol gjennom bakre klossendar og tverhummelen med ein sterk nagle laus i så det kan leda seg. På same vis er klossendane framme feste til tilla. Det ledar seg og er ikkje ~~ikkje~~ verre å draga for hesten enn om det var jærnled, men det ser kluput ut.

.....

Ein skankel, ei tille, kan leda seg i høve til køyredningen, ei skåk er fast i køyregreia.